


**DET KONGELIGE
MILJØVERNDEPARTEMENT**

Statsråden

Likelydande til fylkeskommunane

Bof

Dykkar ref

Vår ref

2005 / 3494 - 4

Dato

- 7. 09. 2005

Invitasjon til å delta i verdiskapingsprogram på kulturminneområdet

Eg vil med dette invitere fylka til å melde si interesse for å delta i eit verdiskapingsprogram for kulturminne og kulturmiljø. Med verdiskapingsprogrammet vil vi at kulturminne og kulturmiljø i endå større grad enn i dag skal takast i bruk som kjelder for utvikling av lokalsamfunn og næringsliv. Inntil 10 pilotprosjekt vil bli valt ut dei neste 4 åra, 1-4 setjast i gang i 2006. Det skal vidare etablerast eit nasjonalt nettverk mellom offentlige, private og frivillige aktørar

Eg ønskjer tilbakemelding frå fylkeskommunane:

- 1) om det er interessant for regionale og lokale aktørar i fylket å delta i eit nasjonalt nettverk for kulturminne og verdiskaping
- 2) om det er interesse for å delta med eit pilotprosjekt. Om fylket har ein mogeleg kandidat til eit pilotprosjekt, ber eg om ei kort utgreiing om prosjektet.

Frist for å melde tilbake til Riksantikvaren er 15.12.2005.

St.meld. nr. 16 (2004-05) *Leve med kulturminner* vart behandla i Stortinget i juni i år. Stortinget slutta seg med dette til at mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal gi grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping og at freda og bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø skal sikrast og forfall stansast. Meldinga viser ein handlingsplan fram mot 2020.

Eit sentralt punkt i handlingsplanen er skipinga av eit verdiskapingsprogram. Målet er at kulturminne og kulturmiljø i langt sterkare grad enn i dag skal verte nytta som utgangspunkt og grunnlag for utvikling av levande lokalsamfunn og næringsliv. Det skal leggast særskilt vekt på kystkultur.

I løpet av dei neste fire åra vil programmet innebere følgjande:

1. Etablering av nasjonalt nettverk

Det vil bli etablert eit nasjonalt nettverk mellom offentlige, private og frivillige aktørar. Gjennom nettverket skal dei som er med få tilgang til kunnskap om samanhengen mellom kulturminne, kulturmiljø og verdiskaping, og kunne utveksle erfaringar.

2. Inntil 10 pilotprosjekt

Det vil i løpet av dei neste fire åra bli valt ut inntil 10 pilotprosjekt i område fordelt over heile landet. Desse pilotprosjekta vil vere konkrete eksempel vi vil nytte til å hauste erfaring til bruk andre stader. Områda vil få økonomisk bidrag til istransettering, sikring og formidling av kulturminne og kulturmiljø som kan være kjelde i utvikling av lokalsamfunn og næringsliv. Det vil òg bli gitt nokre middel til oppbygging av kunnskap og prosjektleiing knytt til prosjekta. Både eigarar, frivillige organisasjonar, lokal eller regional forvaltning eller museum kan vere prosjektdriverar. Deltaking krev at prosjektet inngår i ein regional eller lokal strategi samt at det er lagt opp til 50% medfinansiering frå regionale og lokale aktørar eller andre kjelder. Nærmore krav til deltaking og kriterium for val av dei ti områda går fram av vedlegg 1.

Eg ønskjer å sette i verk den første fasen i verdiskapingsprogrammet allereie frå 2006. Vi vil starte det nasjonale nettverket, og på bakgrunn av interessa frå fylka, vil det òg bli valt ut nokre område som får økonomisk støtte til eit forprosjekt. Blant desse tek vi siktet på å velje ut 1-4 prosjekt som setjast i gang i 2006. Som nemnt i stortingsmeldinga vil fylkeskommunane, som ansvarleg for regional utvikling og kulturminnesforvaltinga, kunne ha ein sentral rolle i gjennomføringa av verdiskapingsprogrammet. Eit viktig ledd i programmet er å skape synergier mellom ulike verkemiddel som regionale og lokale aktørar forvaltar. Departementa vil samarbeide og sjå til at ulike statlige virkemiddel blir sett i samanheng.

Miljøverndepartementet legg opp til 3-4 regionale samlingar i løpet av hausten, der stortingsmeldinga vil være tema med særleg fokus på dei store satsingsområda, inkludert verdiskapingsprogrammet.

Dersom det er behov for det, er det òg mogleg å ta kontakt direkte med departementet, for å få ytterlegare informasjon eller for å halde særskilte møtar, sjå vedlegg 1.

Eg håper på stor interesse og eit gjensidig fruktbart samarbeid for kulturarven som levande kjelder for framtida.

Med helsing



Knut Arild Hareide

Adresseliste:
Fylkeskommunane

Kopi til:

Fylkesmennene ved miljøvern-, landbruks- og utviklingsavdelingane
Kommunal- og regionaldepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Kultur- og kyrkjedepartementet
Fiskeri- og kystdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Innovasjon Noreg
Noregs Forskningsråd

Vedlegg:

Bakgrunn, mål og kriterium for val av pilotprosjekt
Stortingsmelding nr. 16 (2004-05) Leve med kulturminner